



5 av dei 8 tilsette klare til å bli fastelektrikarar. Bak frå venstre står montør Endre Teigen og installatør Lars L. Øyjord. Foran sit frå venstre lærling Magnus Ljostveit, lærling Johannes Wågen og Kjell Harald Tungesvik. Helge Sunde, Marte K. Øyjord og Knut B. Eik var ikkje til stades.

Det framgangsrike firmaet Kvinnherad Byggutvikling & Elektroservice AS på Børnes Industriområde har vorte fastelektrikar for bustadeigarar i Uskedalen. Ordninga betyr at firmaet skal kontrollere bustaden og peika på kva eigaren må retta opp fordi det er farleg og for å få det tryggare og trivelegare. Deretter følgjer dei opp bustadeigaren jamleg.

Måndag innfører elbransjen ei ny ordning som styrker eltryggleiken i bustadane, Det er på høg tid, for 35 prosent av alle bustadbrannar skuldast feil på elanlegget og ytterlegare 10 prosent kjem av feil bruk.

Ei vesentleg årsak er gamle og underdimensjonerte anlegg. Halvparten av alle bustadane har anlegg som treng opprustning til dagens standard og forbruk, Før hadde det lokale eltilsynet kontrollar men no skjer dette svært sjeldan og som stikkprøver, påpeikar dagleg leiar Lars L. Øyjord og set søkelyset på problemet: Dei fleste veit ikkje om anlegget er gått ut på dato eller om det inneber ein risiko. Derved veit dei heller ikkje når dei bør tilkalla elektrikaren.

Med ein avtale om fastelektrikar kan bustadeigaren overlata jobben til dei som er fastelektrikarar. I prinsippet vil det bety det same som å bli kalla inn til tannlegen eller bilverkstaden. Ein fastelektrikaravtale startar med ein grundig kontroll som kjem på 1500 kroner, fortel Øyjord.

Firmaet flytta til Børnes frå Rosendal for 5 år sidan og har no 8 tilsette og ein omsetnad som nærmar seg 9 millionar kroner.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

